

Osterøy kommune

31.08.2023

### Søknad om dispensasjon på gnr. 14 og bnr. 353 i Rambergsvegen


Det vert søkt om dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 29-4 om avstand til nabogrensa.

#### Bakgrunn for søknad

I samband med planering og masseutskifting for byggjearbeidet blei det vurdert at ein støttemur i betong gav betre stabilitet og trykkleik mot utgliding mot naboeigedom. Utførande entreprenør vurderte det slik at muren ikkje var søknadspiktig då den skulle få jordskråning i forkant slik at den skulle bli under 1 meter i høgde med plassering meir en 1m frå tomtgrensa.

Dessverre vart muren oppført nærmare grensa en tiltenkt og dermed blir høgda også høgare enn tiltenkt. I den sørlege enden er avstanden innmålt til 61cm, mot nord 93cm. Høgda i syd er 1,5m og på det minste 0,7m, i snitt omlag 1,1m.

Totalinntrykket er i det store og heile om lag som fyrst planlagt, men tryggleik og stabilisering av massar er betre ivarettatt.



Teikningane over viser terrengprofilen med og utan mur. (Teikninga til venstre er terrengprofilen som var med i godkjent søknad og teikninga til høgre viser terrengprofilen med mur slik det no vert søkt om.) Sjølv om muren på det høgaste er over 1m gjer det allereie bratte terrenget at muren vert mindre dominerande enn den ville vorte i eit flatare terreng.

Sidan muren gjer at tomta og nabotomta vert sikrere i forhold til utgliding av massar og at skilnaden med og utan mur ikkje vert så stor på grunn av det bratte terrenget, vurderer me det slik at fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene samstundes som intensjonane i Plan- og bygningslova ikkje vert sett til side.

Med venleg helsing

Helge Rød A/S  
Synnøve Tveiterås

  
MNAL Arkitekt